

## **Solid resultat for SFE trass låge kraftprisar**

*Førebels rekneskap frå Sogn og Fjordane Energi viser eit sterkt årsresultat for 2025 på 364 millionar kroner. Dette trass svært låge kraftprisar på Nordvestlandet i fjor. Resultatet er over 100 millionar betre enn året før.*

Med unntak av det nedbørsrike koronaåret i 2020 må vi tilbake til 2015 for å finne lågare prisnivå i NO3 – enn vi såg i 2025.

- *At vi har eit så godt resultat i eit år med svake kraftprisar seier noko om produksjonsapparatet vårt og ikkje minst dyktigheita til våre tilsette. Kompetente tilsette ute i anlegga våre har mykje av æra for våre driftsklare og solide kraftverk. Resultatet kjem ikkje av seg sjølv – det er skapt av heile laget i SFE, seier konsernsjef i Sogn og Fjordane Energi, Knut Arild Flatjord.*

### **Svært høg produksjon**

SFE produserte totalt 2 412 GWh i 2025 – ei av dei høgste årsproduksjonane i selskapet si historie. Det nedbørsrike året gav gode tilsig, men resultatet speglar også ei fleksibel anleggsmasse med god magasinkapasitet.

- *Naturen i vårt område, gir dei beste føresetnadar for straumproduksjon, med høgtliggande, djupe fjellvatn og bratte fjellsider ned i fjorden. Med kraftverk plassert ved sjøen, kan vi raskt regulere produksjonen etter samfunnets behov for straum, utan at det påverkar vassdrag nedstraums, fortel Flatjord.*

### **239 millionar i inntekter frå magasin**

- *Det at vi har god reguleringsevne i magasinane våre og fleksibiliteten dette gir, gav ei ekstra inntekt på 239 millionar i fjoråret. Mesteparten av anlegga våre har utløp direkte i sjø, og nettopp dette gir oss evna til å regulere produksjonen raskt opp og ned. Dette gjer SFE til ein viktig bidragsytar når Statnett skal sikre balanse mellom produksjon og forbruk i straumnettet, seier Flatjord.*

Også nettselskapet Linja, som Sogn og Fjordane Energi eig 33,3% av, leverer eit godt resultat i 2025, noko som styrkar SFE sitt resultat.

### **Utbyte på 162 millionar kroner**

Det blir foreslått eit utbyte på 162 millionar kroner til eigarane. Styrebehandling av resultatet skjer i april. Rekneskapen er førebels og årsrapporten for 2025 vil bli offentleggjort i slutten av april.

## **Fleire utbyggingar i sikte**

Samtidig som Øksnelvane er under bygging, arbeider SFE vidare med fleire nye prosjekt i ulike fasar. Mot slutten av året skal selskapet ta stilling til eventuell utbygging av Bredvatn og Insteelvane kraftverk i Bremanger, som vil bidra med ytterlegare 100 GWh fornybar kraftproduksjon i regionen.

- *I fjor starta vi utbygginga av Nye Øksnelvane – vår største investering nokon sinne, samtidig som vi har eit godt resultat. Det viser at vi har vilje, evne og kraft til å levere på ambisjonane våre om vidare vekst. Våre 113 tilsette og drifta til selskapet bidrar også til stor verdiskaping i regionen og eg gler meg stort til framtida, avsluttar konsernsjefen.*

---

**Foto:** Ronny Solheim

### **Kontaktpersonar:**

Martin Holvik (leiar for økonomi og finans): martin.holvik@sfe.no/ tlf 916 95 234

Knut Arild Flatjord (konsernsjef): knut.arild.flatjord@sfe.no/ tlf 453 91 436